



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3840 - 22/57936

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
25.07.2022

Oversender søknad om dispensasjon til utfale - gbnr 11/7 Hølleland

Tiltak: Dispensasjon frå dele- og byggjeforbod i strandsona og arealformål.
Byggjestad: Gbnr 11/7
Tiltakshavar: Ranveig Sagstad og Stein Veland

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8 og dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan for Lindås. Søknaden gjeld oppretting av ny bustadtomt rundt eksisterande bustadhus. Søknaden er ledd i makebyte der eigedommen gbnr 11/116 skal slåast saman med gbnr 11/7. Bustadhuset på gbnr 11/116 vert då nytt våningshus på bruket. Det er same eigar på begge eigedomane.

Den omsøkte parsellen er oppgjeve til å vera omlag 1600 m².

Gbnr 11/7 er registrert med eit areal på om lag 83,5 daa i matrikkelen.

Søknaden er nabovarsla. Det er ikkje kome nabomerknader.

Planstatus

Eigedommen er uregulert og avsett til LNF formål i kommunedelplan for Lindås. Hosøy, der eigedommen ligg, inngår i omsynsone H530_oF04 (omsyn friluftsliv).

Parsellen ligg innanfor byggje- og deleforbodet langs sjø etter pbl. § 1-8.

VURDERING


Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8. Og frå arealformålet i kommunedelplanen.


Søklar grunngjev dispensasjonssøknaden med at huset som vert søkt frådelt krev mykje vedlikehald. Huset er bygd i 1986. Ei frådeling er ynskjeleg ved eventuelt seinare sal av huset. Huset på gbnr 11/116 er betre vedlikehalde, betre tilrettelagt for bruk/ drift av eigedomen (gbnr 11/7).

Tiltaket vil ikkje endre formålet i planen.


Huset på parsellen ligg omlag 80 meter frå sjø. Hosøy ligg i sone 2 i dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona lags sjøen.




Frå situasjonskartet.



Oversiktskart. Omsøkt parsell til høgre. 11/124 til venstre.



Frå Gardskart



Gbnr 11/7



Ortofoto 2020.

Alver kommune har i vedtak datert 27.06.2022 gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå kommuneveg. Likeins har kommunen stadfesta at huset har godkjent avløpsløyving.

Arealet som vert søkt frådelt er i hovudsak registrert som bygd areal i NIBIO sitt gardskart. Omlag 450 m² er registrert som overflatedyrka jord.

Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesakKart og
oppmåling

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå NLF og strandsone - gbnr 11/7 Hølleleand
Søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 11/7 Hølleland
2 stk situasjonskart

Mottakarar:

Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen

